

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 28.11.19

Vår ref. 1252/19/EKE/5.7.1.3

Dykkar ref.

Multiconsult
v/ Torunn Åsheim

E-mail

RADØY, TOSKA CAMPINGSENTER– DETALJREGULERINGSPLAN 43/9 M.FL.

Viser til brev av 17.10.19, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/ lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar opplev å motta klagar når dei fiskar i sjøområde i nærleiken av bustadar og fritidsbustadar. Det er viktig at ein respekterer fiskarane sin rett i utøving av sitt yrke.



Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein må òg vere merksam på at lyssetjing på land og i strandsona ikkje blender eller er til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

Toska

Det blir her varsla om endring av detaljreguleringsplan for Toska campingsenter. Det er ikkje nemnt noko om tiltak i sjø.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert kaste- og låssettingsplass i/ved reguleringsområdet. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Fiskarlaget Vest har ikkje merknader til områdeplanen under føresetnad av at den ikkje kjem til hinder for fortsatt bruk av fiskeområdet i nærleiken. Til tider kan det òg føregå fiskeriverksemd nattestid. Ein viser til § 27 i Havressurslova i høve ferdsel (20 m) og fiske (100 m) ved steng. Ein forutset òg at forureining frå området blir avgrensa mest mogeleg.

Ein ber om at følgjande, eller noko liknande, blir tatt inn i føresegnene:

«Kaste- og låssettingsplass

Det er registrert kaste- og låssettingsplass i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy i nærleiken. Tiltaket må ikkje vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys. Det må dermed heller ikkje vere ankringsforbod i området.

Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøyde til land eller oppankra på anna vis, jf. § 27 i Havressurslova.

Fisk i steng er sårbare for spreningsarbeid og eigar av eventuell fisk i steng skal kontaktast ved spreningsarbeid.»

Eventuelle fortøyningar i området må avgrensast. Ein må òg kunne feste lås i bryggjer i området.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje forureining då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.




Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo
Britt Sæle Instebo

Eirin K Espeland
Eirin Kongestøl Espeland

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Radøy kommune
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Vestland



Låsettingsplasser

-  **Låsettingsplasser**

Gytefelt torsk MB

-  **Gytefelt torsk MB**

Gyteområder

-  **Gyteområde**

Oppvekst - beiteområde

-  **Oppvekst - beiteområde**

Fiskeplasser - Aktive redskap

-  **Fiskeplass - aktive redskap**

Fiskeplasser - Passive redskap

-  **Fiskeplasser - passive redskap**

Rekefelt - Aktive redskap

-  **Fiskeplass - aktive redskap**